

## «Ei brukarrettleiing» til Kine Lillestrøm og Trond Hugo Haugen – Å sjå deg i auga

Opplevinga av utstillinga *Å sjå deg i auga* startar allereie på utsida av Kabuso. Store auge er til stades på glasflater uventa stader rundt om på bygget. Eit auge har òg teke plass i Ingebrigt Vik museum. I mørket på kveldstid eller tidlige morgontimar lyser auga opp, og ein kan få ei meir eller mindre ufrivillig oppleving av at nokon ser deg. Men det er òg eit auge å sjå inn i. Auga er måla av Trond Hugo Haugen med syrna mjølk på innsida av dei store glasflatene, blanda med ulik mengd kol. Auger og det å sjå ein annan i auga har mange litterære referansar. Du finn det mellom anna i tekstar av Halldis Moren Vesaa, Federico Garcia Lorca og Olav Duun.

På veg inn i utstillingsrommet møter du straks på ein stor golvskulptur. Kine Lillestrøm sitt verk strekk seg frå ein ende av rommet til ein annan, og dekker store deler av golvflata. Du kan ta av deg på beina når du bevegar deg inn på skulpturen, slik at dei ulike materiala kjennest under fotsolane. Finn deg gjerne ein stad i skulpturen og sett deg ned. Haugen sine teikningar på tekstil, som du dessverre ikkje får røre, skapar nye rom i rommet. I møte med dei store bomullslerreta er du invitert til å oppleve rommet på nytt. Korleis skin lyset på og gjennom det kvite stoffet nett i dag? I kva retning får du lyst til å rette blikket? I tillegg til å vera innhaldsrike visuelt sett, verkar tekstilane òg som arkitektoniske element. Det mjuke, men òg tunge uttrykket i dei store dukane forsterkar linjene som går på kryss og tvers i utstillingssalen.

Alle materiala i skulpturen er overskotsmateriale frå bygginga av Hardangerbadet, som skal stå ferdig medio desember 2019. Hardangerbadet er eit av dei større byggeprosjekta i Øystese i nyare tid, og skulpturen set fokus på mengda material som vert nytta til slike store byggeprosjekt, og til slutt må avhendast. Lillestrøm nyttar materiala som byggeklossar, kor geometriske formar lagar strenge og velkjende mønster som brytast av tomrom og nye element. Dei ulike overflatene er merka av bruk og hardt arbeid, og viser til eit eige univers. Legg merke til korleis linjene i skulpturen står i forhold til linjene i rommet. Det gamle Hardangerfjord hotel er til stades i form av murklossar som dannar ein eigen skulptur lengre inn i rommet. Murklossane vil du finne att i Haugen sine kolteikningar.

Haugen har laga kolteikningane på det kvite stoffet under fleire opphald på bygdemuseet Storeteigen i Øystese og i vetlesalen i ungdomshuset Holmatun. På den gamle møbelverkstaden, i ein atmosfære av tidligare tiders arbeid, har verka vakse fram. Haugen arbeider i eit tydeleg svart/kvitt uttrykk. Teikningane og tekstane tek opp i seg ulike element frå bygda Øystese, før

og no, og det komande Hardangerbadet - og er ein refleksjon over tida me står i. Du kan lesa dei kronologisk, frå ein ende til ein annan, eller som frittstående element. Ein kan leita fram ord og brokkar av setningar, til dømes frå dikt av Lorca.

I kaféen møter du veggrelieffet *Synsrandi* (Lillestrøm), som med ei rett linje trekkjer blikket ut mot horisonten i landskapet. Arbeidet er sett saman av rekkverksbord, H-bjelkar og lekter frå bygginga av det nye badet i Øystese. Dei ulike materiala møter kvarandre. Du vil sjå overflater som er prega av arbeid, av betong og bruk. Dei mange sjatteringane, mellom det raude og det gule spelar saman og opp mot kvarandre. I ein annan samanheng, i det konkrete arbeidet, er dette kodar. For alle som ikkje arbeider med dette til dagleg, verkar kodane og spora gåtefulle. I staden ser me eit samspel av fargar, nyansar og materialar.

**Kine Lillestrøm** (f. 1977) er maler, med en filosofisk tilnærming til stedets utforming, bestemmelser og historikk. Hun arbeider med rom, men ikke begrenset til rommets egne grenser. Lillestrøm er utdannet ved Kunstakademiet i Oslo. Lillestrøm har hatt flere utstillinger med både egne verk og samarbeidsprosjekter, samt toåring atelierstipend i Oslo rådhus, og åpner utstilling ved LNM (Landsforeningen norske malere) i Oslo 31. oktober 2019.

[www.kinelillestrom.com](http://www.kinelillestrom.com)

**Trond Hugo Haugen** (f. 1975) har en mer direkte, uttalt og verbal praksis. I verkene reflekterer han rundt politikk og historie sett fra enkeltindividets posisjon, samt kunstnerens plass i samfunnet. Haugen har hatt flere utstillinger nasjonalt og internasjonalt, av hans største verk er *Et riksportrett (etter Eidsvold 1814)* fra 2014 og det flerårige verket *Stavanger2018 / KA DÅ ITTEPÅ*. Han har bakgrunn som konsertarrangør og er utdannet ved Kunstakademiet i Trondheim i 2002.

[www.trondhugo.no](http://www.trondhugo.no)

Felles er en interesse for kunstnerens posisjon som samfunnsaktør, verkets arbeidsprosess, store formater og flater, utstillings form og publikums bevegelse i utstillingsrommet.

28.9.2019-6.1.2020

# Å SJÅ DEGI AUGA

NO

## KINE LILLESTRØM & TROND HUGO HAUGEN



KUNSTHUSET  
**KABUSO**

## Å sjå deg i auga

Kine Lillestrøm og Trond Hugo Haugen

Det starta med ein samtale.

Eller, nei, det starta før me møttes. Det starta med bygninga og mandatet Kabuso eingong fekk – å sjå nasjonalromantikken gjennom samtidas brilleglas. Mandatet er nedfelt i sjølve bygningskroppen – store glas vende mot fjorden, taket forma som eit lite ekko av fjellrekka, reine material.

Sikta frå Øystese er svimlande vakker når lyset fell over Folgefonna og gnistrar kvitt mot blått. Den er òg fascinerande når skodda sig tungt inn mellom fjellsidene, regnet driv sidelengs langs fjorden og lyset sildrar i tynne snorer mellom oppsamla vatn.

Å erfara desse skiftingane over tid var noko av det me ønska då samtalen sveiv i gang. Kan me evna å sjå landskapet utan det filteret nasjonalromantikken har forma? Eller endå viktigare – korleis ser me verda i dag, forvirrande utforma som ho er med alle dei ulike laga frå ulike tider? Er tida vår stygt skrive, spør Trond Hugo Haugen. Har me rota det til med overforbruk, forureining og skeiv fordeling? Kvifor greier me ikkje ta ansvar, komme til einighet og handle?

«...berre å sjå deg i auga, det er derfor eg har reist meg opp og teke striden», skriv forfattaren Olav Duun. For Halldis Moren Vesaas er eit møte mellom augo som eit lys som skin inn i den djupaste botn. Å sjå deg i auga opnar ein kanal mellom oss. Det er ein kanal der me høyrer kvarandre. Men, det kan òg vera eit trugande møte, der våre vonde og såre sider kan verta avslørte.

Å koma til einighet krev tru på den andre – vert det snakka sant? Kan eg håpa me kjem saman om dette? Haugen viser teikningar der arbeidet har plass, alle desse kollektive rørsle som har konstruert ei kompleks verd

med maskiner, bygningar og fungerande infrastruktur. I arbeidet me deler, deler me òg håpet om at det er til nytte. At verda kan bli betre. At me får mat og klede. Me kjenner ikkje ei verd utan arbeidet. Rørsle og arbeid er grunnlaget for liv.

Og i denne rytmen som arbeidet er mellom oss, gror kjappe blikk og rørsler til noko felles, noko me deler. Slik veret skiftar over fjorden, slik året dreg på seg vinter og nettene blir lange, endrar samtalen seg. Verka blir konkrete, dei veks fram, her, på Storeteigen, i kjellaren i Holmatun, no, i denne tida. Samtalen får mange trådar og den blir material. Frå Hardangerbadet køyrer LAB tunge ting på pallar til Kabuso; forskalingsplater, stein, betong, H-bjelkar.

Verda vår er konkret og sanseleg, nær, samansett, omsluttande og endelaus. Ho er òg forma av kva det er mogleg å sjå, kva me får auga på. Med material frå bygginga av Hardangerbadet skapar Kine Lillestrøm sanselege flater der geometrien spelar seg ut over golv og veggflater. Forskalingsplatene frå bygginga får seg ein ny runde som skulptur før dei vert flisa opp til spon. Gamle teikningar krota på sota vegger er baka inn i mønsteret dei skorne platene og plankane lagar. Men mønster har reist lenge før dei vart teikna i Hardanger. Ornamenta vandra gjennom stader og tider sjølv om kvart enkelt teikna mønster vart slite bort. Det enkle mønsteret platene formar på golvet har ukjent opphav, men mange brukarar over heile verda. Slik er det med arbeidet. Me deler det og med kjente rørsler formar hendene ei verd me kan bu i.

«Å sjå deg i auga» inngår i utstillingsserien *Dialogar*. Til Kabuso har kunstnarane for første gong samarbeidd om ei utstilling der verka går i dialog med både utstillingsstad og kvarandres kunstnaraskap.

Sissel Lillebostad

## VERKSLISTE

### Å sjå deg i auga (utan tittel), 2019

Skulptur  
Skifer, forskalingsfinér, murstein, akrylmaling, ferniss  
25 x 6 meter

### Å sjå deg i auga (parole), 2019

Teikning  
Kol på ubleka bomullslerret  
26 paneler a 165 cm, høgde 418-515 cm

### Synsrandi, 2019

Veggrelieff  
Rekkverksbord, H-bjelker, lekter  
167 cm x 600 cm

### Å sjå deg i auga, 2019

Teikning  
Kol, syrna mjølk  
Variable storleikar

Kunstnerane ynskjer å takka Nils Terje Opsanger og Ingvar Halstensen ved LAB Entreprenør AS for entusiasme og material, Regionale prosjektmiddel for visuell kunst og Billedkunstnernes Vederlagsfond for økonomisk stønad, for opphald på Storeteigen bygdemuseum og alle ved Kunsthuset Kabuso, samt Holmatun, Jan Mo AS og Øystese barneskule.